

STATENS VEGVESEN  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

---

<b>Dato</b>	06.06.2023
<b>Vår referanse</b>	2022/89691-5
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Geir Sverre Andreassen
<b>E-post</b>	Geir.Sverre.Andreassen@vlfk.no
<b>Telefon</b>	90202693

Att.Tomislav Jajcinovic

**Fv. 565 og fv. 5506 - Revidert skiltplan om vegvisning - Austrheim -  
Austrheim kommune**

Vi viser til vårt brev datert 12.05.2023 med vår referanse 2022/89691-3 om vegvisning i Austrheim i Austrheim kommune.

Vestland fylkeskommune er gjort merksam på at det ikkje lengre er offentleg kai i Austrheim, vi finn òg at det er skilta vikeplikt frå kv. Austrheim mot fv. 5506 sjølv om fv. 5506 ikkje er forkøyrregulert.

Vi ynskjer ikkje å prioritera forkøyrregulera av fv. 5506 no, men finn det i tråd med Vegdirektoratets handbok N300 å kunne skilta krysset fv. 5506 Hoplandssjøen og kv. Austrheim som forkøyrskryss. Dette er også vurdert som ei betre og meir trafikksikker løysing enn å fjerna skilt 202, stipla vegoppmerking 1012.2 og vikelinje 1022 frå krysset i og med at det har etablert seg eit lokalt køyremønster i åras løp.

Vestland fylkeskommune ber difor Statens vegvesen treffa vedtak etter skiltforskriftens §§ 27 nr. 1, 29 nr. 1 og 30 nr. 3 fylgjande skilt og vegoppmerking skal gjelde:

- Skilt 124 «Farlig kryss»
- Skilt 202 «Vikeplikt»
- Skilt 210 «Forkøyrskryss»
- Skilt 701 m/gul plate, pil 701.V90 og tekst linje 1 «Lerøy», linje 2 «Hoplandssjøen»
- Skilt 713.V m/gul plate og tekst linje 1 «Lerøy», linje 2 «Hoplandssjøen»
- Skilt 713.H m/gul plate og tekst linje 1 «Lerøy», linje 2 «Hoplandssjøen»
- Skilt 701 m/gul plate, pil 701.H90 og tekst linje 1 «Lerøy», linje 2 «Hoplandssjøen»
- Skilt 711 m/gul plate, pil 711.R og tekst «Hoplandssjøen 1»
- Skilt 711 m/gul plate, pil 711.H90 og tekst «Lerøy 2»
- Skilt 713H m/gul plate og tekst «Lerøy 2»

Slik vist i revidert skiltplan L001, L002 og L003 datert 06.06.2023.

Med helsing

**Linda Beate Hjelmeland**  
fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet**Geir Sverre Andreassen**  
Overingeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift*

**Vedlegg**

**1 Fv. 565 og fv. 5506 - L001, L002, L003 - Rev\_A - Vegvisnings Austrheim**

Kopi til:

AUSTRHEIM KOMMUNE

Sætremarka 2

5943

AUSTRHEIM

Christian Stokke Rye